



# Hei alle saman!

Fristen for påmelding til korps- og drillkonkurransen nærmar seg. Vi håpar mange tek turen til Gloppen denne helga. Då vi ikkje veit volumet på arrangementet enno, er det framleis nokre lause trådar, men vi jobbar ut i frå ein plan for helga ca. slik:

## Førebels tidsplan for Nordvesten 2018

**Fredag kveld:** Ankomst og overnatting for dei som har behov for det. Det blir sett opp eit øvingsrom for dei som ynskjer å spisse forma:-). Meir info lenger nede.

### Laurdag

0800-0900: Frukost for overnattande korps

Ca. 0900: Sekretariata for korps og drill opnar

Ca 11:00: Konkurransstart korps og drill. Musikk-konkurransen blir i kultursalen.  
Drill-konkurransen blir i Firdahallen. Kioskar på kvar stad

Ca 1300-1500: Middagsservering i Aulaen

Ca: 1630: Konkurransane slutt

Ca : 1630 Premieutdeling drill i Firdahallen

Ca: 1800: Festkonsert og premieutdeling for musikk-konkurransen i Kultursalen.

Ca: 2000: Diskotek i Aulaen. Gratis for alle

Ca. 2300 Vi går til ro.

### Søndag:

0900-1100: Frukost og heimreise for overnattande korps

Bading i Trivselsbadet fredag kveld 19:00 til 21:00. Kr 70,- pr. person

Klatring i Idrettsdelen laurdag ettermiddag 16:00 til 18:00 og 20:00 til 22:00, ved stor påmelding vert det sett tider for det ein skilde korps her.

## Overnatting:

Til dei som ynskjer det vil vi tilby overnatting m/frukost - fredag-laurdag og laurdag-søndag. Overnattinga vil bli på klasserom på Firda VGS. Ta med liggeunderlag/sovepose. Prisen er 150,- /person pr. natt.(inkl.frukost) Merk av kor mange som har matallergi og kva type. Det vert lagt til rette for dusjing i Firdahallen laurdag morgon for dei som ynskjer det.

## Øvingsrom

For dei korpsa som kjem fredag, er det høve å få låne eit øvingsrom. Vi riggar eit stort klasserom på Firda VGS med notestativ, trommesett og stortromme. Vi set opp ein timeplan for kor tid dykkar korps får tilgang til øvingsrommet.

## Middag laurdag:

Under konkurransane laurdag blir det servert middag i Aulaen, Firda VGS. Skriv opp kor mange frå ditt korps som skal ha. Menyen er Taco. Hugs også vaksne/leiarar/dirigentar. Puljene blir sett opp når vi veit kor mange korps som kjem.

## Klatring:

For dei som ynskjer det, vil det før og etter premieutdelinga vere tilbod om klatring i ein av dei flottaste klatreveggane på Vestlandet.



Veggen er totalt 15 meter høg, parti med overheng og fleire merka ruter i ulike vanskegrader. Vi stiller med alt utstyr og sertifiserte folk som sikrar. Inngang til klatreveggen kostar kr. 100,- pr.pr.


## Bading :

Vi kan i år tilby ei oppleving i badeanlegget som har stort basseng, oppvarma terapibasseng og badstove. Inngangen til badeanlegget kostar kr. 70,-. Det kan bli skliekonkurrans med premie til raskaste person ned sklia.

## Diskotek

Dette vil de finne i Aulaen v/ Firda VGS. Gratis inngang for alle.

Kiosk. Quiz eller kahoot med premie !



Ved endringar vil det bli sendt ut e-post om dette.

Vedlagt finn de også eit rekneark for påmelding. Ver venleg å fyll ut og send i retur til [nordvesten2018@gmail.com](mailto:nordvesten2018@gmail.com) innan tysdag 27.februar

All informasjon vil også vere oppdatert på [Facebookgruppa](#) til Nordvesten2018.

NB : All musikk til drillkonkurransen skal sendast til : [toneevebo@hotmail.com](mailto:toneevebo@hotmail.com)

Til slutt ynskje vi alle velkomne til kulturkommunen Gloppen og våre nye idretts og kulturbygg ☺

For komiteen

<i>Bernt Reed,</i>	<i>leiar Breim skulekorps,</i>	<i>95972107</i>
<i>Janne Øisang Grindaker,</i>	<i>leiar Sandane skulekorps,</i>	<i>92025472</i>
<i>Tone Larsen Enebø,</i>	<i>drillansvarleg,</i>	<i>95133355</i>
<i>Kari-Ann Flølo,</i>	<i>økonomiansvarleg,</i>	<i>99524501</i>

All e-post til: [nordvesten2018@gmail.com](mailto:nordvesten2018@gmail.com)